



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
HS 021/14	Helse- og sosialutvalet	22.04.2014
FO 069/14	Formannskapet	14.05.2014

Avgjerd av: Formannskapet
Sakshandsamar: Berit Wetlesen

Ref: 09/283 -40

Ark. H12

Høyringsuttale : Framlegg til endringar i forskrift om eigendel for kommunale helse-og omsorgstenester

Presentasjon:

Gjeld uttale til framlegg frå Helse- og omsorgsdepartementet om redusert betaling ved langtidsopphald på dobbeltrom i institusjon.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Helse-og omsorgstenestelova
- Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester i institusjon mv av 16.12.2011- 1349
- Rundskriv I-1/2014: Endring av fribeløp og egenandeler for kommunale helse- og omsorgstjenester.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsbrev frå Helse-og omsorgsdepartementet (HOD).
Forslag til endringer i forskrift 2011-12-16-1349:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/hoeringer/hoeringsdok/2014/forslag-til-endringer-i-forskrift-2011-1/horingsbrev.html?id=751379>

Saksopplysningar:

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt ut på høyring framlegg til endring av forskrift om eigendel for helse- og omsorgstenester med høyringsfristen 16.mai d.å.
Endringa gjeld redusert eigenbetaling ved ufrivillig langtidsopphald på dobbeltrom i kommunale institusjonar, med verknad frå 01.07.2014.
Endringa er i samsvar med regjeringserklæringa og revidert statsbudsjett 2014.

Som bakgrunn for saka vert synt til St.meld. 50 (1996-97). Handlingsplan for eldreomsorgen der eit mål var at alle med langvarig institusjonsplass skulle kunne få einerom. Jfr. også kvalitetsforskrifta som poengterer sikring av tilbod om einerom ved langtidsopphald..

Økonomiske konsekvensar av framlagd endring:

Betalingsreglane i dag er slik at det er fast sats uavhengig av inntekt for korttidsopphald inntil 60 døgn pr kalenderår (pt. kr. 142 pr døgn).

Ved langtidsopphald på ubestemt tid eller ved korttidsopphald ut over 60 døgn pr kalenderår, vert å betale vederlag på grunnlag av individuell inntekt:

- 75 % av G (grunnbeløpet i folkestyrgda) minus frisum på pt. kr 7 250
- 85 % av netto inntekt ut over G

Departementet sitt framlegg til endring:

- 75 % av G (grunnbeløpet i folkestyrgda) minus frisum på kr 35 000
- 85 % av nettoinntekt ut over G

Inntekta til brukarar på institusjon varierer mykje, men i Stryn er langt dei fleste framleis minstepensjonistar men netto årsinntekt for einsleg person på ca kr. 170 500.

Konsekvensen for minstepensjonistar av redusert fribeløp, vert mindre eigendel med ca kr. 20 800 pr år.

Må makronivå opererer departementet med at endringa vil omfatte ca 2000 personar og eit overslag på ca 60 mill.kr i reduserte inntekter i kommunane. Det vert synt til at ca halvparten er kompensert med auka kommuneramme på 15 mill.kr. for halvt års verknad i 2014.

Det er grunn til å gjere merksam på at vederlag frå brukarane berre dekkjer ein liten del av enhetskostnadene ved drift av institusjonsplassar.

Konsekvensar for Stryn kommune:

Stryn har gjort fleire tiltak siste åra for å heve standarden og fjerne alle dobbeltrom i institusjon, men vil ikkje vere i mål før sommaren 2016, jfr. ombygging ved Vikane omsorgssenter og utbyggingsprosjektet ved Stryn omsorgssenter.

Pr i dag har kommunen 7 dobbeltrom i Innvik i tillegg til det som kjem av overbelegg for å takle mottak av utskrivingsklare brukarar frå sjukehus.

For å takle døgntilbodet i utbyggingsperioden for 40 omsorgsplassar med heil døgn pleie/omsorg ved Stryn omsorgssenter, vil heile 18 rom verte avvikla i eit år frå januar 2015. Konsekvensen vert at ytterlagar 36 personar vil bu på dobbeltrom i eit år, og samla tal dobbeltrom i 2015 vil telje 50 personar totalt. Med utgangspunkt i at 10 -12 % av dette gjeld korttidsopphald, vil resterande 44 personar bu på dobbeltrom. Det er då rekna med at bruken av overbelegg er eliminert.

Forventa redusert inntekt for eit halvt år i 2014 vert vel kr. 100 000.

Bortfall av inntekt i 2015 vert ca kr. 900 000 og for 1.halvår 2016 ca kr. 200 000.

Det har dessverre teke mange år før Stryn kommune sitt planarbeid for utbygging og avvikling av dobbeltrom m.m. er klar for gjennomføring. Jfr. kommunestyret si godkjenning av utbyggingsprosjektet ved Stryn omsorgssenter hausten 2013 og byggestart frå mars d.å.

Fram til planlagd ferdigstilling frå juni 2016, vil kommunen med ny forskrift, få vesentleg inntektstap som det vert vanskeleg å takle i tillegg til investering på vel 200 mill.kr.

Særs omfattande bruk av dobbeltrom i utbyggingstida, vil medføre krevjande logistikk med mange omdisponeringar av rom for å tilpasse til ulike kjønn og brukarbehov. Med nye betalingsreglar vil det i tillegg bli omfattande byråkrati knytt til stadige endringsmeldingar og omrekningar av vederlag for opphald.

Vurdering:

Det er eit viktig kvalitetskriterie at brukarar på langtidsopphald i institusjon skal få bu på einerom når dei ynskjer det.

Det vil imidlertid vere heilt urimeleg om dei kommunane vert økonomisk straffa, som i ein overgangsfase må komprimere drifta si for å klare å innfri nettopp dette kvalitetskravet. Det kan vere mange grunnar til at ikkje alle kommunar er i mål med å tilby einerom.

Det er vanskeleg å sjå samanhangen mellom makrovurdering på samla overføring av rammetilskot til kommunesektoren og utslaget på einskildkommunar i ei sak som denne.

Vederlag for opphald i institusjon dekkjer berre for ein liten del av utgiftene ved drift av ein institusjonsplass. Det er difor ingen eintydig samheng mellom reduksjon i vederlag og tilbodet den einskilde brukar får ved langtidsopphald.

Forkriftsendringa vil medføre vesentleg meir byråkrati for dei kommunane som vert berørt.

På denne bakgrunn bør det i forskrifta vere rom for overgangsordningar for kommunar som er i ein utbyggingsfase for å kunne innfri kvalitetskravet om å einrom ved langtidsopphald i institusjon for dei som ynskjer det.

Alternativt bør kommunane få rimeleg tid til å tilpasse seg dei økonomiske konsekvensane, dvs. utsett tidspunkt for når ny forskrift vert gjort gjeldande.

Formuleringa om einerom til «dei som ynskjer det» synest mest av teoretisk interesse. Det er sjeldan par bur på institusjon samstundes, og andre vil vel uansett ynskje einerom dersom det er høve til det.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune sluttar seg til prinsippet om at alle med langtidsplass i kommunal institusjon skal få einerom når dei ynskjer det.

Det vil imidlertid vere heilt urimeleg om dei kommunane vert økonomisk straffa, som i ein overgangsfase må komprimere drifta si for å klare å innfri nettopp dette kvalitetskravet. Det kan vere mange grunnar til at ikkje alle kommunar er i mål med å tilby einerom.

Det er vanskeleg å sjå samanhangen mellom makrovurdering på samla overføring av rammetilskot til kommunesektoren og utslaget på einskildkommunar i ei sak som denne. Det må vere ein føresetnad at evt. endring er fullfinansiert frå staten si side ved auka rammetilskot..

Vederlag for opphald i institusjon dekkjer berre for ein liten del av utgiftene ved drift av ein institusjonsplass. Det er difor ingen eintydig samanheng mellom reduksjon i vederlag og tilbodet den einskilde brukar får ved langtidsopphald.

Forkriftsendringa vil medføre vesentleg meir byråkrati for dei kommunane som vert berørt.

På denne bakgrunn bør det i forskrifta vere rom for overgangsordningar for kommunar som er i ein utbyggingsfase for å kunne innfri kvalitetskravet om å einerom ved langtidsopphald i institusjon for dei som ynskjer det.

Alternativt bør kommunane få rimeleg tid til å tilpasse seg dei økonomiske konsekvensane, dvs. utsett tidspunkt for når ny forskrift vert gjort gjeldande.

Handsaming i Helse- og sosialutvalet 22.04.2014.

HS-021/14 Vedtak:

Helse- og sosialutvalet sitt vedtak:
Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Formannskapet 14.05.2014.

FO-069/14 Vedtak:

Helse og sosialutvalet sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:
Helse- og omsorgsdepartementet